



Kommunen har gjort retrett i Ljosnes-saka. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen har no snudd i Ljosnes-saka, opplyser Erlend Moen til uskedalen.no.

Det betyr at kommunen no vil betala skolens ekstraavgifter til drosje-skyss inntil buss-lomme er på plass og samstundes lovar dei å få fortgang i arbeidet med lommen.

Det som utløyste saka var beskjeden frå Uskedalen oppvekstsenter om at drosje-hentinga om morgonen skulle kuttast ut fordi utgiftene til denne sprengte budsjettet til oppvekstsenteret. Foreldra gav på si side kommunen beskjed om at dei vurderer å halde elevane heime på grunn av den farlege trafikk-situasjonen på Ljosnes. .